

Frå Arvid Villanger  
Rossnesvegen 414  
5937 Bøvågen

Villanger 11.06.2021

Til Mikkel Bengtsson  
Viltforvaltning  
Alver kommune

**Gjeld klage på vedtak i saksnr. 21/2964: Avslag på søknad om godkjenning av vald / endring av vald  
– gbnr418/6 og 418/9**

Eg har i brev frå Alver kommune den 10.06.2021 fått avslag på søknad om godkjenning av vald, grunngeve med at eg ikkje har meldt meg ut av eit vald eg i følgje kommunen skal vera medlem i. Denne avgjerda er gjort på sviktande grunnlag, då eg aldri har vore medlem av noko vald og heller aldri har blitt førespurd om å melda meg inn i noko vald, -langt mindre skrive under på at eg ønskjer å vera representert i dette valdet. Dersom det eksisterer eit vald der eg er medlem utan underskrift, er dette ulovleg. Eg viser her til «Forskrift om forvaltning av hjortevilt», der det i §10 e om søknad om godkjenning av vald heiter at søknaden skal innehalda: «underskrift frå den eller de som lovlig representerer hver eiendom». Eg eig og representerer eignedomen på gnr. 418 bnr. 6 og 9. Eg har aldri skrive under på at eg er medlem i dette valdet. Eg klagar difor på Alver kommune si avgjerd og opprettheld søknaden om eige hjortevald.

Mvh Arvid Villanger